

# Årsmelding for Vikøy sokneråd 2023



## Soknerådsarbeidet i 2023

Soknerådet har hatt 7 soknerådsmøte og 7 arbeidsutvaldsmøte i 2023, 45 små og store saker er blitt handsama. Av saker me har hatt fokus på, kan nemnast:

- Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden/ trusopplæringa
- Føremiddagstreff
- Ulike arrangement i regi av soknerådet
- Offersøknader
- Rekruttering av nye frivillige
- Kyrkjevalet 2023

## Samansetnaden av Vikøy sokneråd fram til november 2023:

Vetle Karlsen Eide (sokneprest)

Ingvill Sørheim (leiar )

Astrid Helleve Fylkesnes (nestleiar)

Solfrid Storaker Lindøy (skrivar)

Eimund Solsvik (kasserar)

Helga Sørhus

Trude Vestbø

Ingegjerd Pedersen Lid

Oddbjørn Vestbøstad

Varamedlem:

## 1. Elin Vestbøstad

### **Nytt sokneråd, konstituert 07.11 2023:**

Vetle Karlsen Eide (sokneprest)

Astrid Helleve Fylkesnes (leiar)

Solfrid Storaker Lindøy (nestleiar)

Gudrun Skeie Langeland (sekretær)

Erling Lyngset (kasserar)

Tove Fjell

Magne Kolstad

### Varamedlemmer:

Brynhild Eide

Helene Flakstad Oma

Randi Valland Eide

### **Arbeidsutval:**

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn ved behov.

### **Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellestråd**

Ingvill Sørheim – personleg vara: Eimund Solsvik

Astrid Helleve Fylkesnes – personleg vara: Trude Vestbø

### **Frå 07.11 2023:**

Astrid Helleve Fylkesnes – personleg vara: Erling Lyngset

Magne Kolstad – personleg vara: Tove Fjell

### **Tilsette/staben i Vikøy sokn:**

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland til 1. september 2023

Konstituert kyrkjeverje: Olav Skeie Lid, frå 1. april 2023

Sakshandsamar: Inger Karin Tordal

Sokneprest: Vetle Karlsen Eide

Kateket: Mampion Andriamandimby (permisjon fram til 5. mars 2023)

Trusopplærar/konfirmantleiar

i Vikøy og i Øystese sokn:	Eivind Daniel Røed
Kyrkjelydspedagogar (vikarar):	Bryna Opdal (30%), Solfrid Storaker Lindøy (30%) frå 1. august
Organistar:	Sevinj Asgarova Øvrehus og Ulf Krupka
Kyrkjetenar:	Franckie Mario Andrianaivo
Kyrkjegardsarbeidar:	Heine Ugletveit
Arbeidarar i ulike samanhengar:	Bjørn Kåre Thorvaldsen og Arne Severin Sandal (til 1. mai 2023)

### **Frivillige medarbeidarar:**

Om lag 50 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja i mange ulike oppgåver, som medhjelparar eller kyrkjevert i samband med gudstenestene, i song og musikk, frivillig medarbeidar i arbeid med diakoni og trusopplæring og andre oppgåver.

### **Arbeidet i kyrkjelyden (2023-tal står i parentes)**

Det blei halde 38 (39)gudstenester på vanlege sundagar og heilagdaggar med til saman 4176 (5108) personar til stades. Det har vore halde 2 (4) gudstenester utanom sundagar og helgedagar med 252 (478) personar til stades. Totalt har det vore halde 40 (43)gudstenester med 4428 (5586) frammøtte. Av desse 40 gudstenestene har det vore 6 hovudgudstenester særleg tilrettelagde for barn og tre for ungdom. Prestane held også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar, til saman 48 andaktar.

I 2023 er 19 (34) blitt døypte, og 30 (31) ungdommar blei konfirmerte. Også 8 (9) par er blitt vigde, og 24 (37) personar er blitt gravlagde.

Samanlikna med 2022 har talet på frammøtte til gudstenester gått ned, det er vanskeleg å seie akkurat kva det skuldast. Det er nok fleire ting, mellom anna har det vore færre dåpsborn i 2023, eit dåpsfølgje er ofte stort, julaftan var det ei gudsteneste mot to dei siste åra, i tillegg vil tala alltid variere noko frå år til år.

### **Trusopplæringa**

I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine. Både vår og haust 2023 arrangerte kyrkjelyden babysong og småbarnstreff (1-6 år). På småbarnstreff møter i gjennomsnitt 11 born på samlingane, men 12 familiar har delteke i løpet av året. Babysong er eit tiltak for heile Kvam, og totalt deltok 51 på desse samlingane; 34 om våren og 17 om hausten. Av desse 51 var 3 frå Vikøy sokn.

På vårparten kom 9 (19) på «Krølletreff» (tiltak for 3-åringar) og 20 (22) 4-åringar kom på familiegudsteneste og takka ja til boka si. Det kom 16 til skulestartgudstenesta for 6-åringar. På kyrkjekinoen i mars var det 6 deltakarar.

Tårnagent og Legoklubb vart ikkje arrangert i 2023 grunna mangel på mannskap, men soknerådet sørger for at det blei arrangert kyrkjekino for 7.trinn. Dei så filmen «Narnia- løven, hekse og klesskapet», koste seg

med pizza og hadde god samtale om tema filmen tok opp. Der var 6 jenter frå 7. trinn som møtte denne kvelden.

Hausten 2023 blei det stelt i stand til Vennefest 31. oktober. 114 barn var registrert, og i tillegg møtte veldig mange foreldre og mange frivillige. Det var ei flott kveld med yrande liv i kyrkja! Kvelden starta med ei samling i kyrkjesalen med andakt i tillegg til Blime- song og dans<sup>2</sup>, etterpå var det mange ulike aktivitetar rundt omkring i kyrkja og kafé i kyrkjelydssalen.

I november møtte 21 spente 5. klassingar opp til Lys våken samling med overnatting i kyrkja. Kvelden gjekk med til både leik, bibelfortelling, sporløp, lyktelaging og gudstenesteverkstad- Det var veldig populært at fleire Framneselevar var med som leiarar. Søndag feira vi gudsteneste saman, og Lys vaken gjengen bidrog med tekstlesing, bøn, song og preike. Etter gudstenesta vart alle invitert til kyrkjekaffi i kyrkjelydssalen.

Sundagsskulen sitt arbeid «Sprell levande» blei forsøkt dradd i gang igjen vinteren 2023, med 4 samlingar på våren og ein om hausten. Det har som regel vore ein liten gjeng med dåpsborn og andre born som har møtt opp, men på samlinga på 1.påskedag vart heile kyrkjelydssalen fylt opp med både born og vaksne.



Me nemner også kateketen og kyrkjelydspedagogen sitt arbeid i møte med mange born i barnehage og skule. I 2023 var totalt 14 barnehagegrupper på besøk i Norheimsund kyrkje på påskevandring (7 grupper på våren) og krybbevandring (7 grupper på hausten). Ei avdeling i Tørvikbygd barnehage fekk besøk av kyrkjelydspedagogen. Før jul blei det også arrangert skulegudsteneste i Norheimsund kyrkje og i Tørvikbygd på bedehuset.

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo ungdomsklubb og Junior-Ving i tillegg til barnekoret Shine og Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Soknerådet har også i 2023 vore med å støtta NØUK med midlar til dirigentutgifter. Shine har delteke på familiegudsteneste, medan Ungdomskoret deltok på lysmessa hausten 2023. Det var ei flott markering av starten på adventstida.

Skuleåret 2022-2023 hadde Vikøy sokn 30 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamleg frå september til mars til undervisningsøkter i Norheimsund kyrkje. I tillegg har konfirmantane møtt på gudstenester. I

vinterferien 2023 fekk dei vere med på KRIK-konfirmantleir på Framnes. Det seiest at det var ein svært kjekk leir med gode møte og kjekke aktivitetar. Før påske samarbeida soknerådet med konfirmantane om Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp, det var samla inn både i kontantar og på Vipps. Soknerådet laga også til konfirmantfest etter samtalegudstenesta med middag og enkel underhaldning. Her var både konfirmanten og føresette inviterte og det vart godt oppmøte og ei fin samling.

### **Diakonalt arbeid**

Føremiddagstreffa i Vikøy trong nye frivillige medarbeidarar, det same gjorde dei i Øystese. På nyåret 2023 har ein sett ned ein «drodlekomité» som drøfta vegen vidare for «Føremiddagstreffet». Det vart teke initiativ til å samarbeide om føremiddagstreffa og ein ny komité kom på plass. Frå Vikøy sokn sit Hans Soldal og Borghild Tufteland, frå Øystese Eli Kvarv og Kirsten Melstveit, i tillegg har Roar Strømme og Vetle Karlsen Eide vore med. Hausten 2023 var det arrangert eit treff i månaden, vekselvis i Øystese og Norheimsund. Det har vore frå ca. 25 - 30 deltakarar på arrangementa. Me er veldig glade for at føremiddagstreffa er i gang att!

I 2022 har Kyrkjeklubben vore samla til månadlege samlingar. Ein har først ei kort gudsteneste og deretter kveldsmat. Det har vore god oppslutnad om desse samlingane. I samband med gudstenesta fastelavenssundag, der Kyrkjeklubben deltek, har kyrkja i samarbeid med kommunen sendt ut brev med personleg invitasjon. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med fastelavnsbollar. Dette er blitt eit av høgdepunkta i kyrkjeåret for mange! Men framleis kan me jobbe for å gjere kjent at gudstenesta er for alle.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Vikøy kyrkje. Mange møtte opp for å vere med på denne gudstenesta.

Vikøy sokneråd har inngått ein samarbeidsavtale med KIA (Kristent interkulturelt arbeid). Kvar torsdag gjennom skuleåret er det samlingar for nye i Kvam gjennom KIA med Tor Håkon Berge i spissen. Samlingane har vore i Norheimsund kyrkje på ettermiddagstid, like etter skuledagen på Vaksenopplæringa. I november arrangerte KIA, Norheimsund indremisjon og soknerådet ein takkefest med fokus på å bygge fellesskap i lag.

### **Temakveldar**

Også i 2023 har ein hatt fleire temakveldar, alle tre var på hausten. Før valet inviterte me til politikardebatt i kyrkjelydssalen for å utfordre politikarane på kva dei meiner er ei god framtid for Kvam. Alle partia stilte, og HF streama sendinga. I oktober var Karl Dag Bærug frå Kirkens SOS her med kurset «God å snakke med», dette var eit arrangement som var ein del av Kvammaveko, me er glade for samarbeidet! I november var det temakvelden «Det kjære. Det nære. Det svære» med Alvhild Strømme som delte tankar og erfaringar

frå livet sitt. Me ynskjer å halde fram med dette arbeidet som me opplever at både femner vidt og treff og utfordrar oss. Det er også gledeleg at alle desse arrangementa har hatt godt oppmøte. Ein eigen komitè har arbeida med temakveldane. I 2023 var Helga Sørhus, Sverre Lindøy, Vetle Karlsen Eide og Astrid Helleve Fylkesnes med i komitèen, frå 7. november er også Tove Fjell med.

### **Onsdag 18 BØN**

Onsdag 18 BØN er ei bønegruppe som samlast kvar onsdag kl. 18 i kyrkja for å be for kyrkje og bedehus, for lokalsamfunnet, landet og verda og for misjon og forfølgde kristne i verda. I snitt møter fem til åtte personar opp kvar veke. Borghild Tufteland har hovudansvaret for dette. På hausten tok bønegruppa initiativ til bøneweke for kristen einskap på nyåret 2024. Saman med Norheimsund indremisjon vart det laga ein komitè som arbeidde med innhaldet i bøneweke. Soknerådet er glade for initiativet til bøneweke!

### **Misjonsarbeid**

Ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Kyrkjelyden støttar arbeidet med kyrkjeofringar og forbøn. Soknerådet har ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Me har forplikta oss til å orientera om og be for arbeidet dei driv. Kyrkjelyden vil spesielt hugsa på misjonærar som er ute for HimalPartner. I tillegg har ein jamleg orientering om arbeidet HimalPartner driv gjennom Kyrkjelydsbladet og at Ragnhild og Tore Skeie orienterer frå misjonsarbeidet på gudstenester. Minst fire gonger i året blir det teke opp takkoffer til HimalPartner. Me er takksame for dei midla som vert samla inn og som me ser blir nytta til ulike tiltak som HimalPartner støttar.

Minst ei gudsteneste i året skal vere ei misjongudsteneste, i haust vart dette ei jazzmesse i samband med at NMS-foreininga i Vikøy sokn feira 175 års jubileum. Det vart ei flott feiring der musikken fekk prega messa, begge organistane tok del saman med band og ei forsongargruppe, og den var godt besøkt.

### **Konsertar**

Kyrkja i Norheimsund er mykje brukt som konsertlokale for både kor og korps. I 2023 har det vore 12 konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre i 2023, både lokale og tilreisande. Her kan me nemne SKRUK som la ein av julekonsertane sine til Norheimsund, i tillegg har lokale krefter hatt konsertar. Det var også ei rekkje med fem sommarkonsertar i Norheimsund kyrkje sommaren 2023, eit samarbeid mellom Ulf Krupka og musikarar i Kulturskulen. Med dei dyktige organistane våre i spissen har soknerådet har vore med å arrangere operakonsert i februar med Lucia Cervoni og Sevinj Asgarova, og 22.09 var Ulf Krupka Trio i Norheimsund med konserten «Salmar som jazz, jazz som salmar».

### **Kyrkjeblad for Kvam**

Kyrkjebladet dekkjer Vikøy, Øystese og Ålvik sokn. Olav Skeie Lid har vore redaktør i 2023. Tilsette i kyrkja og frivillige har kome med innspel. Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr i året. Gåve-/frivillig abonnement

er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet takkar den store jobben redaktøren har gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på!

### **Soknerådsvalet 2023**

Frå 2023 har Vikøy sokneråd 6 faste medlemmer og 4 varamedlemmer. Dette er ein reduksjon frå tidlegare år då me har hatt 8 faste medlemmer og 6 varamedlemmer. Grunnen til endringa er at det er vanskeleg å rekruttere mange nok til soknerådet, til kyrkjevalet 2019 stod kun 8 på lista, og altså ingen varmedlemmer. Forslag til endring vart lagt fram på eit soknemøte januar 2023. Sverre Lindøy, Borghild Tufteland og Gudrun Skeie Langeland var valnemnd til soknerådsvalet 2023.

### **Soknerådet sin økonomi**

Soknerådet sin økonomi er stabil og 2023 ga eit årsresultat på 58 542. Soknerådet har lenge arbeidd med projektor til Norheimsund kyrkje, og dette er no kome med på Fellesrådet sin vedlikehaldsplan for 2024.

### **Kort oppsummering**

Det er gledeleg å sjå at kyrkja gjennom året er fylt av menneske og at det er ein kyrkjelyd med mange rom, og tilbod til mange ulike grupper i soknet vårt. Kyrkja er eit samlingspunkt i alle fasar i livet, i glede og i sorg, til gudstenester og bøn, til konsertar, temakveldar og til fellesskap med kvarandre. Det er små fellesskap og det er store hendingar. Me ynskjer at alle skal kjenne seg velkomne i kyrkja vår. Soknerådet er svært takksame for den flotte staben som jobbar i kyrkja i Kvam og for alle dei gode frivillige medarbeidarane våre som er med å gjere Vikøy sokn til ei levande kyrkje for alle som bur her.

Norheimsund, 09.02.2024

For Vikøy sokneråd,

Astrid Helleve Fylkesnes (leiar)